

Osterøy Kommune
Planavdelinga
Rådhuset
5282 Lonevåg

7. mars 2018

SAK: OMRÅDEPLAN OG TETTSTADANALYSE LONEVÅG

Lonevåg Båtlag (LB) har kring 110 medlemar og tilbyr 90 båtplassar frå tre flytebryggjer i Lonevåg sentrum.

LB ser positivt på Planprogram og Tettstadanalyse for Lonevåg som no er lagt ut på høyring, og ser fram til positiv medverknad vidare i planfasen.

Då framtidig disponering av strandsona er særleg omtala (mellom andre element) i planprogrammet, vil LB for ordens skuld påpeika nokre moment i høve til å sikra lokalsamfunnet sine interesser og moglegheit til å nytta sjø/båtliv som rekreasjon.

- 1 Alle dei 90 båtplassane LB i dag disponerar er utleigde slik at mogleg nye båteigarar/interessentar for tida må "stå i kø" for å få båtplass i bryggje.
- 2 I Lonevågområdet er det lang tradisjon for og mykje nytta å ha båt til fiske, sjøliv og fritid elles på sjøen. Denne utviklinga har forsterka seg dei siste 10-15 åra med aukande velstad og meir fritid for folk flest. I Planprogrammet for Lonevåg er det antyda ein auke i folketalet på omlag 30% dei neste 10 åra og så mykje som 65% fram til 2040. Om ein (forsiktig) antar tilsvarande auke i trong for båtplassar, bør det i 2025 vera minst 120 båtplassar i Lonevåg eller 150 plassar i 2040.
- 3 I tidlegare reguleringsplanar for Lonevåg er det sett av område for småbåthamn på Barkavika. Dette bør framleis vurderast som eit aktuelt alternativ, men for at LB skal ha tilkomst til ei slik hamn, trengs omfattande/kostbar tilrettelegging på land av kommunal infrastruktur som veg (avkøyring frå riksveg), fortau, parkering etc.
- 4 Fram til ovanfor nemnde infrastruktur er realisert på Barkavika bør ein moderat auke/utviding av antal båtplassar i eksisterande flytebryggjer vurderast og inkluderast i Områdeplanen for Lonevåg.

Dersom det er ønskeleg med nærare informasjon om innhaldet i dette skrivet, kan de kontakta undertekna på telefon eller e-post.

Med helsing
Lonevåg Båtlag
Atle Jacobsen tlf. 90839490, e-post atleja@gmail.com
(formann)